

RAPPORT

Strekning Florø-Stad **Planprogram for detaljregulering av farlei,** **Bremanger kommune, planid. 4648.202501**

Vedteke: FSK sak nr. 024/26

OPPDRAKSGIVER

Kystverket

EMNE

Planprogram

DATO / REVISJON: 18. mars 2026 / 05

DOKUMENTKODE: 10260975-01-PLAN-RAP-002



Multiconsult

Dette dokumentet har blitt utarbeidet av Multiconsult på vegne av Multiconsult Norge AS eller selskapets klient. Klientens rettigheter til dokumentet er gitt i den aktuelle oppdragsavtalen eller ved anmodning. Tredjeparter har ingen rettigheter til bruk av dokumentet (eller deler av det) uten skriftlig forhåndsgodkjenning fra Multiconsult med mindre annet følger av norsk lov. Multiconsult påtar seg intet ansvar for bruk av dokumentet (eller deler av det) til andre formål, på andre måter eller av andre personer eller enheter enn det som er godkjent skriftlig av Multiconsult. Deler av dokumentet kan være beskyttet av immaterielle rettigheter og/eller eiendomsrettigheter. Kopiering, distribusjon, endring, behandling eller annen bruk av dokumentet er ikke tillatt uten skriftlig forhåndssamtykke fra Multiconsult eller annen innehaver av slike rettigheter med mindre annet følger av norsk lov.



RAPPORT

OPPDRAAG	Strekning Florø-Stad	DOKUMENTKODE	10260975-01-PLAN-RAP-001
EMNE	Planprogram Bremanger	TILGJENGELIGHET	Open
OPPDRAAGSGIVER	Kystverket	OPPDRAAGSLEDER	Sissel Enodd
KONTAKTPERSON	Trym Hauge Nilsen	UTARBEIDET AV	Sissel Enodd, Johanne Arff
KOORDINATER	Sone: Øst: Nord:	ANSVARLIG ENHET	10234031 Seksjon By- og områdeutvikling TRL

SAMANDRAG

Kystverket arbeider for å legge til rette for ein konkurransedyktig, effektiv, sikker og miljøvenleg sjøtransport. Det er forventa at transport på sjøen vil auke i åra som kjem, og planane langs farleia vil sikre god framkome, god frekvens og trygg ferdsel. Både sjøtransporten og næringslivet er avhengig av at systemet av farleier og hamner/hamneterminaler har god framkome og er uavhengig av vær og vind.

Multiconsult har på vegne av Kystverket utarbeidd forslag til planprogram for utarbeiding av reguleringsplanar med konsekvensutgreiing for tiltak å utbetre farleia på strekninga frå Florø til Stad, i Kinn og Bremanger kommunar. Strekingen er delt i tre tiltaksområde: Florø – Frøysjøen, Skatestraumen – Fåfjorden – Vågsfjorden – Måløy sør og Ulvesundet - Sildefjorden.

Det er naudsynt med tiltak med utdjuping av fleire grunner i leia. Farleinormalen av oktober 2022 er lagt til grunn for tiltaka. Grunnene skal bli utdjupa til -12,3 meter, med unntak av grunnene ved Ulvesundet – Sildefjorden som skal bli utdjupa til -14,3 meter. I samband med utdjupinga er det naudsynt å fjerne ca. 160 000 fm³ (ca. 270 000 am³) massar. Kystverket har målsetting om at massane skal bli nytta til utbygging av formål som har samfunnsnytte. For å sikre gjennomføring av utdjupingstiltaka er det likevel naudsynt å regulere for sjødeponi dersom ein ikkje lukkast å finne eigna utbyggingsområde på land. Gjenbruk av massane til utfylling i strandsona vil ikkje vere ein del av planane.

For å finne eigna sjødeponi er det søkt etter moglege område og det er vurdert ca. 30 alternative lokaliseringar. Desse er skildra i rapporten Strekning Florø-Stad – Sjøbunndsdeponi, lokalisering og undersøkelsesplan.

Planprogrammet omfatter tiltak for utdjuping av grunner ved Olaskjeret, Hornelsflua og Skaten med tilhøyrande deponi vest for Storøyna, i Bremanger kommune. Kommunen har i oppstartsmøter tilrådd at det blir starta arbeid med reguleringsplan og at det er krav om konsekvensutgreiing, jf. forskrift om konsekvensutgreiing, då planen vil leggje til rette for deponi for masse i sjø større enn 50 dekar eller 50 000 m³ masse. Det er vurdert at planen kan gje vesentlege verknader for miljø og samfunn som følgje av mogleg konflikt med verdiar knytt til naturmangfald, og at det difor skal utarbeidast konsekvensutgreiing. Ut frå tiltaket sitt omfang og karakter er det automatisk krav om undersøkingar og vurderingar av naturmangfald og sediment i samsvar med Miljødirektoratets rettleiar for handtering av sediment.

Planprogrammet gjer greie for tiltaka, det råka området og problemstillingane som er vurdert å vere viktige for miljø og samfunn. Ulike tema vil bli utgreidd og planprogrammet vil sei noko om kva for metodar som er tenkt nytta for å skaffe naudsynt kunnskap, relevante og realistiske alternativ. Planprogrammet skal også gje informasjon om planprosessen og medverknad.

05	18.03.2026	Rev. etter godkjenning i formannskap saksnr. 024/26, 12.03.2026	Sissel Enodd	Johanne Arff	Sissel Enodd
04	02.12.2025	Rev. etter høyring og offentlig ettersyn	Sissel Enodd	Johanne Arff	Sissel Enodd
03	09.05.2025	Rev. etter tilbakemelding fra kommunen	Sissel Enodd	Johanne Arff	Sissel Enodd
02	25.04.2025	Rev. etter oppstartsmøte med kommunen	Sissel Enodd	Johanne Arff	Sissel Enodd
01	14.02.2025	Rev. etter tilbakemelding fra KyV	Sissel Enodd, Johanne Arff	S. Enodd, J. Arff	Sissel Enodd
00	17.01.2025	Utkast til Kystverket	I. Eikelund, S. Enodd, J. Arff	S. Enodd, J. Arff	Sissel Enodd
REV.	DATO	BESKRIVELSE	UTARBEIDET AV	KONTROLLERT AV	GODKJENT AV

INNHALD

1	Innleiing.....	6
1.1	Bakgrunn og formål med planarbeidet.....	6
1.2	Planprosess, planprogram, konsekvensutgreiing og reguleringsplan.....	6
1.3	Tidlegare prosess og utgreiingar.....	7
2	Skildring av tiltak, lokalisering av planområde	7
2.1	Utdjuping av grunner med deponi.....	7
2.1.1	Florø – Frøysjøen i Bremanger og Kinn kommuner	10
2.1.2	Skatestraumen – Fåfjorden – Vågsfjorden – Måløy sør i Bremanger og Kinn kommuner.....	12
2.2	Alternativ bruk av massar – samfunnsnyttige føremål	15
2.3	Anleggsgjennomføring og massehandtering	15
2.4	Hovudtrekk i planane.....	16
3	Rammer og føringar for planarbeidet.....	17
3.1	Berekraft	17
3.2	lover, forskrifter og retningslinjer	17
3.3	Nasjonal transportplan	17
3.4	Regionale føringar.....	18
3.5	Kommunale rammer og planstatus	18
4	Skildring av eksisterende situasjon og aktuelle problemstillingar	20
4.1	Trafikale forhold	20
4.2	Vassmiljø, naturmangfald og naturressursar	20
4.2.1	Vassmiljø	21
4.2.2	Olaskjeret.....	23
4.2.3	Skaten, Hornelsflua, med deponi vest for Storøyna.....	24
4.3	Samisk natur- og kulturgrunnlag.....	27
4.4	Landskap	27
4.5	Friluftsliv	27
4.6	Kulturmiljø	29
4.7	Transportbehov, energiforbruk og energiløysingar	29
4.8	Ureining	29
4.8.1	Støy.....	29
4.8.2	Grunnureining.....	30
4.8.3	Luftforureining.....	30
4.8.4	Klimagassutslepp.....	30
4.9	Folkehelse	30
4.10	Teknisk infrastruktur.....	31
4.11	Risiko og sårbarheit	32
5	Tilråding, tema og utgreiingar	34
5.1	Utgreiingstema	34
5.2	Konsekvensutgreiing, metodikk og referansealternativ	36
5.3	Planomtale.....	37
5.4	Risiko og sårbarheit, ROS-analyse.....	37
5.5	Massehandteringsplan.....	37
6	Medverknad, framdrift	37
6.1	Eigedomar og parter	37
6.2	Planprosess, medverknad	37

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn og formål med planarbeidet

Kystverket arbeider for å legge til rette for ein konkurransedyktig, effektiv, sikker og miljøvenleg sjøtransport. Det er forventa at transport på sjøen vil auke i åra som kjem, og planane langs farleia vil sikre god framkome, god frekvens og trygg ferdsel. Både sjøtransporten og næringslivet er avhengig av at systemet av farleier og hamner/hamnerterminaler har god framkome og er uavhengig av vêr og vind.

Multiconsult har på vegne av Kystverket utarbeidd forslag til planprogram for utarbeiding av reguleringsplanar med konsekvensutgreiing for tiltak i farleia på strekninga frå Florø til Stad.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for større strekningsvise farleitiltak mellom Florø og Stad i Vestland fylke for å oppnå gjennomgåande god standard i houvud- og bilei. Dei største byane i området er Florø og Måløy. Der er det mykje næringsaktivitet knytt til fiske og fiskeforedling, industri i form av smelteverk og uttak av steinmassar ved fleire dagbrot. Det er i tillegg mykje offshoreaktivitet i Florø-området, med tilknytt verft og forsyningsbase. Vidare er det aukande cruisetrafikk i tiltaksområda, og det er forventa meir segling innakjers frå Florø via Skatestraumen til destinasjonar som Olden og Loen innst i Nordfjord.

Planarbeidet vil leggje til rette for å auke djupna og breidda i farleia. Tiltaka vil gi redusert seglingsdistanse og sjøreise i ei skjerma farlei. Dette vil redusere risikoen for ulukker, auke framkome og redusere utslepp frå fartøy.

Det kan òg bli behov for deponering av massane frå utdjupinga i eigne sjødeponi. Målsetjinga er at massane frå tiltaket skal bli nytta til samfunnsnyttige føremål og bli bruka til etablering av td. næringsområde i regulerte utfyllingsområde. I tilfelle det ikkje er mogleg å nytte overskotsmassane i godkjende områder, er det bestemt å regulere område til sjødeponi som ei reserveløysing.

1.2 Planprosess, planprogram, konsekvensutgreiing og reguleringsplan

Planane skal utarbeidast som detaljreguleringsplanar i samsvar med plan- og bygningslova § 12-3. Planprosessen vil bli gjennomført i tråd med plan- og bygningslova (PBL).

Bremanger kommune har i oppstartsmøte tilrådd at det blir starta arbeid med reguleringsplan og at det er krav om konsekvensutgreiing for planen, jf. forskrift om konsekvensutgreiing då planen vil leggje til rette for deponi for masse i sjø større enn 50 dekar eller 50 000 m³ masse. Det er vurdert at planen kan gje vesentlege verknader for miljø og samfunn som følgje av mogleg konflikt med verdiar knytt til naturmangfald, og at det difor skal utarbeidast konsekvensutgreiing. Referat frå oppstartsmøte er vedlegg.

Første fase i planarbeidet er utarbeiding av planprogram. Jf. forskrift om konsekvensutgreiing skal det omtale:

- a. planen eller tiltaket, det råka området og problemstillingene som er vurdert å vere i den viktige for miljø og samfunn i den konkrete saka
- b. forhold skal bli utgreia etter kapittel 5, og kva for metoder som er tenkt benytta for å skaffe naudsynt kunnskap
- c. relevante og realistiske alternativ og korleis desse vil bli vurdert i konsekvensutgreininga

- d. plan- eller søknadsprosessen, med frister i prosessen, deltakarar og plan for medverknad fra særleg råka grupper og andre

Planprogrammet er utarbeida på grunnlag av kjent og tilgjengelig informasjon som er henta frå offentlege nettstader, oppstartsmøter med kommunane. Kystverket har også utarbeidd forprosjekt, risikoanalyse og konsekvensvurdering for utdjupingstiltaka. Kystverket har også gjennomført overordna og innleiande vurderingar av prisatte og ikkje-prisette verknader, klimaverknader med meir for grunnlag til nasjonal transportplan

Forslag til planprogram er lagt ut til høring og offentlig ettersyn i 6 veker. Det er mogeleg å kome med innspel til planarbeidet i høyringsperioden. Kystverket vil samanstille og vurdere innspel og merknader som kjem inn. Deretter vil kommunen fastsette planprogrammet.

Forslag til reguleringsplan med konsekvensgreiing skal utarbeidast på bakgrunn av fastsett planprogram. Reguleringsplanen vil bestå av detaljerte plankart, føreseigner, planskildring, ROS-analyse og konsekvensutgreiing. Reguleringsplanen vil fastsette framtidig arealbruk for området og gje rammer for gjennomføring av tiltaka. Den bindande for nye tiltak eller utvidelse av eksisterende tiltak som nemnt i PBL § 1-6. Planen gjeld frå kommunestyret sitt vedtak, dersom det ikkje er motsegn til planen.

Etter Forskrift om konsekvensutredninger § 17 skal innhald og omfang av konsekvensgreiinga vere tilpassa den aktuelle plana, og være relevant for avgjerslene som skal bli teke.

Etter avklaring med kommunen blir planprosessen gjennomført etter plan- og bygningslova § 3-7. Det vil seie at Kystverket vil sende ut forslag til reguleringsplan til høring og offentlig ettersyn, uten at den er behandlet av kommunane. Kystverket vil handsame merknader som kjem til planforslaget og deretter sende planforslag til kommunane for sakshandsaming og vedtak.

1.3 Tidlegare prosess og utgreiingar

Kystverket har utarbeidd konsekvensvurdering for utdjupingstiltaka, rapport Multiconsult 10227169-01-Rap-TVR-01.

2 Skildring av tiltak, lokalisering av planområde

2.1 Utdjuping av grunner med deponi

Hovudleia mellom Florø og Stad er prega av kryssingar og innsnevringar i farleia samt enkelte opne strekningar med utfordrande sjøveg under vanskelege vêrforhold. Strekninga har ikkje gjennomgåande standard og det er knytt risiko til fleire område. I Sjøfartsdirektoratet sin database «Ulykker med næringsfartøy og fritidsfartøy 1981-2016» er det registrert over 50 grunnstøytingar, kollisjoner, miljøskader og andre ulukker i hovudleia. Det vil difor vera eit risikoreduserande tiltak å gjera farleia breiare og rettare. Farleinormalen av oktober 2022 er lagt til grunn for tiltaka.

Strekning Florø – Stad er delt inn i 3 tiltaksområde:

- Florø – Frøysjøen
- Skatestraumen – Fåfjorden – Vågsfjorden – Måløy sør
- Ulvesundet - Sildefjorden


Grunnene skal bli utdjupa til -12,3 meter, med unntak av grunnene i Ulvesundet - Sildefjorden som skal bli utdjupa til -14,3 meter.

Hovudsakleg utgjer massane sprengstein, men ved Olaskjeret er det førekomst av fast lagra morenemassar. Elles er det litt lausmassar i groper og sprekker over nokre av grunnane. Det er registrert ureina masser i lausmassane ved Tekneskjerflu og Skaten. Planen er å frakte desse til godkjent avfallsmottak.

Kystverket har målsetting om at massane som vert fjerna i utdjupinga skal bli nytta til utbygging med formål som har samfunnsnytte som td. opparbeiding av næringsområde. Kystverket vil difor ha møter med kommunane for å få innspel til aktuelle område som kan ta i mot massar. Dersom dette av ulike årsaker ikkje blir mogleg, vil massane bli deponert på sjøbotnen. For å vere sikker på at massane som blir deponert ligg trygt, og ikkje flytter på seg, vil dei bli deponert i naturlege forseingkningar. For å finne eigna sjødeponi er det søkt etter moglege område og det er vurdert ca. 30 alternative lokaliseringar. Desse er skildra i rapporten Farlei Florø-Stad – Sjøbunndsdeponi, lokalisering og undersøkelsesplan (Multiconsult 10260975-02-TVF-RAP-001). Alternative lokaliseringar av deponiområde er vurdert og vekta med omsyn til:

- Geoteknikk (batymetri, pårekna stabilitet, korngradering og djupne)
- Naturmangfald (verneområder, naturtypar etter DN-19, gyteområde mv.)
- Oseanografi (straum, bølger, djupne)
- Fiskeri, akvakultur
- Marin infrastruktur (kablør, farlei, ankringsplassar mv.)
- Anleggsgjennomføring

Lokalisering av planområde for utdjupingsgrunnene og deponi som er tilrådd utgreidd i Kinn kommune og i Bremanger kommune er vist i Figur 2-1.



Figur 2-1 Planområde og farlei.

2.1.1 **Florø – Frøysjøen i Bremanger og Kinn kommuner**

På strekket Florø – Frøysjøen er det naudsynt å utdjupe grunner ved Tekneskjerflua og Drogaskjerflua i Kinn kommune og aust for Olaskjeret i Bremanger kommune.

Tekneskjerflua og Drogaskjerflua i Kinn kommune

Grunnene ved Tekneskjerflua ligg litt aust for Nordre Nærøya, og vest for Uraholmen og Kalvegjerdet. Grunnene ved Drogaskjerflua ligg sør-aust for Drogaskjeret og vest for Uraøya, omtrent 1,5 km nord for Tekneskjerflua. Her er farleia smal. Dette fører til at fartøy i enkelte høve passerer nære kvarandre, eller blir trekt ut mot grunnene for å unngå kvarandre. Dette kan føre til grunnstøyting eller kollisjon. Det er difor naudsynt å utdjupe fleire grunner som er vist i Figur 2-2.

Olaskjeret i Bremanger kommune

I hovudleia på strekket mellom Seljestokken og Olaskjeret er det mest trafikk av lasteskip som har djupgang på rundt 5 m. Fartøy som går djupare må gå vest for Olaskjeret. Dette fører til lenger distanse, fleire kursendingar. Når nordgåande skipstrafikk i bileia vest for Olaskjeret treff hovudleia lenger nord, må fartøya krysse hovudleia for sørgåande trafikk. Dette skjer tett opp mot ein sving i farleia og kan føre til kollisjonsfare. Ved å utdjupe grunnane sør-aust for Olaskjeret til -12,3 meter, vil størstedelen av skipstrafikken som segler i dette farvatnet kunne velge å gå i ei breiare og sikrare hovudlei.

Tiltak

På strekket Florø – Frøysjøen er det behov for å utdjupe grunner ved Tekneskjerflua og Drogaskjerflua i Kinn kommune og aust for Olaskjeret i Bremanger kommune. Grunnene skal bli utdjupa til -12,3 meter. Massane ved Tekneskjerflua og Drogaskjerflua utgjør hovudsakleg sprengstein, med litt lausmassar i groper og sprekker over nokre av grunnane. Ved Olaskjeret er det og førekomst av fast lagra morenemassar.

Det er søkt etter moglege lokalitetar for sjødeponi i heile strekket. Det er lokalisert tre område som vist i Figur 2-2 som kan vere eigna til sjødeponi jf. kriteriane i pkt. 2.1. Desse ligg i Kinn kommune og vil bli utgreia i planarbeidet.


Mogleg deponiområde vest for Villevika (Kinn kommune) ligg i et djupbasseng på ca. 30 meter djupne, midt i en stor tareskog (A-verdi) og eit stort beiteområde for torsk Frøysjøen. Området ligg ca. 250-500 meter frå fiskeområde for passive reiskap - Frøysjøen sør. Det er vurdert at området ikkje er eksponert for havbølger og vind, at sjøbotnen er moderat eksponert for straum og at straum i vassøyla gir moderat risiko for partikkelspreiing. Deponerte massar vil ligge djupare enn tareskogen, som kanskje går ned til 20-25 m djupne. Spreiing av partiklar vil kunne påverke deler av tareskogen. Utstrekning av området vil bli optimalisert i vidare planlegging.

Mogleg deponiområde nord for Tekneskjerflua (Kinn kommune) ligg på ca. 57 m djupne. Dette området ligg også midt i ein stor tareskog (A-verdi), eit stort beiteområde for torsk Frøysjøen, i fiskeområde for passive reiskap Frøysjøen sør, samt 250-500 m frå gyteområde. Det er vurdert at området ikkje er eksponert for havbølger og vind, at sjøbotnen er moderat eksponert for straum og at straum i vassøyla gir moderat risiko for partikkelspreiing. Deponerte massar vil også her ligge djupare enn tareskogen, som kanskje går ned til 20-25 m djupne.


Mogleg deponiområde vest for Tekneskjerflua (Kinn kommune) ligg rett ved utdjupeingstiltaket, i ei renne og har maksimal djupne ca. 48 m. Om det blir fylt opp til ca. 40 m vil det gi et volum på ca. 67 000 m³. Dette området ligg vest for i ein stor tareskog (A-verdi) og sør for Årebrotet

Tiltaksområda, mengde lause massar frå kvart utdjupingsområde og kapasitet i moglege sjødeponi samanstilt i Tabell 2-1.

Tiltaksområde	Kommune	Massar (fm³)	Massar (am³)	Areal (m²)	Volum
Tekneskjerflua	Kinn	44 038	70 500	16 096	
Drogaskjerflua	Kinn	1 166	2 000	1 278	
Deponi N for Tekneskjerflua (K3)	Kinn			59 000	295 000
Deponi V for Tekneskjerflua (K4)	Kinn			19 000	67 000
Deponi V for Villevika (5)	Kinn			40 000	280 000
Olaskjeret	Bremanger	12 001	20 000	16 297	
Sum		57 205	92 500		



Figur 2-2 Utdjupingstiltak ved Tekneskjerflua og Drogaskjerflua (raud markering) og lokalitetar for sjødeponi som skal bli utgreia (gul markering), i Kinn kommune.



Figur 2-3 Utdjupingstiltak aust for Olaskjeret (raud markering), i Bremanger kommune.

2.1.2 Skatestraumen – Fåfjorden – Vågsfjorden – Måløy sør i Bremanger og Kinn kommuner

Innseglinga til Nordfjord går gjennom Vågsfjorden. Dette er ei viktig innsegling for cruiseskipa som kjem til Olden og Loen, der passasjertrafikken er rekna å ha ei stor auke framover.

Hornelsflua, Skaten i Bremanger kommune

I Skatestraumen kan det vere sterk straum, mest vanleg vestover med fallande vatn, likevel kan straumforholda vere uregelmessige då vind og vær kan ha stor påverknad på både retning og fart. Ved Hornelsflua og Skaten er det spesielt trangt, og i heile farleia er det utfordrane med møtande trafikk. Fjellet Hornelen ligg tett på farleia og gjer at ein kan miste satellittkommunikasjonen. Det trange farvatnet, fallvindar, skiftande vindretningar og sterk straum er faktorar som kan medverke til grunnstøyting og kollisjonar. Det har vort fleire grunnstøytingar i området, og tekniske problemar kan få store konsekvensar i dette området. Fartøy går gjerne med 12 knop for å ha styrefart. Utdjuping av Skaten vil kunne redusere den negative effekten av at straumen bøyer av ved grunna. Ein går ut ifrå at straumen vil reduserast noko og bli ryddigare på grunn av auka grad av farvatn fri for hindringar.

Kariskjeret i Kinn kommune

På veg mot Måløybrua og Ulvøysundet må ein runde Kariskjeret for å kunne rette kursen inn mot Måløysundet. Fartøy kjem litt for langt vest i forhold til ny kurs og har i mange tilfelle ikkje tilstrekkelig distanse til å rette opp fartøyet for å styre mot austre led under Måløybrua. Det er

mykje bakgrunnsbelysning og visuell støy for navigatørar som seglar nordover, noe som gjer segling mot og passasje under Måløybrua utfordrande. Det kan oppstå fare for kollisjon dersom nordgåande fartøy som kjem langt vest i svingen og over i sørgåande lei ved Kariskjeret. For andre fartøy kan det vere vanskelig å forstå ruta til nordgåande fartøy som har komt langt vest i farleia, og kommunikasjonsproblem og misforståingar kan bidra til at ein farleg situasjon oppstår. Det kan òg vere straum i området som er spesielt utfordrane når ein går nordover. Ved for tidleg sving av nordgåande fartøy er det fare for å grunnstøyte på Kariskjeret eller grunna nordaust for Kariskjeret. Fartøy kan i tillegg bli pressa aust mot grunna (og land) av møtande trafikk eller vestleg vør.

Tiltak

Grunner sør for Hornelsflua og Skaten i Bremanger kommune, samt Kariskjeret i Kinn kommune skal bli utdjupa til -12,3 m. Massane utgjer hovudsakleg sprengstein, med litt lausmassar i groper og sprekker over nokre av grunnane.


Det er søkt etter moglege lokalitetar for sjødeponi i heile strekket og det er lokalisert to område som kan vere eigna til sjødeponi jf. kriteriane i pkt. 2.1, Gjermundsfluda og vest for Storøya. Som vil bli utgreia.

Mogleg deponiområde vest for Storøya (16) ligg i ei vik, på ca. 45 m djupne (Bremanger kommune). Det er ingen registreringar for naturmangfald i eller i nærleiken av området. Området overlappar noko med fiskeplass for aktive reiskap, samt låssettingsplass i Litleøystraumen. Ein ventar liten straum og lite risiko for partikkelspreiing. Området ligg ca. 4 km frå Hornelsflua og 7 km frå Skaten. Området ligg skjerma for bølger, og transportvegen dit er lite eksponert.


Mogleg deponiområde Gjermundsflua (25) ligg nord for Skarvøya/sør for Kariskjeret på ca. 35 meter djupne (Kinn kommune). Det er taeskog (B-verdi), eit gytefelt for torsk (C-verdi), fiskeplass for aktive reiskap (Blålidflua) og passive reiskap (Kulen – Skavøypoll) i området. Deponerte massar vil ligge under taeskogen og det er vurdert at området er godt eigna ut frå straumforhald. Området ligg relativt nære bustader ved Bålid, 200-300 meter ut i sjøen. Det går ein sjøkabel ca. 150-200 frå land.

Tabell 2-2. Tiltaksområda på strekket Skatestraumen – Fåfjorden – Vågsfjorden – Måløy sør, med mengde lause massar og areal i kvart utdjupingsområde og volum i deopniområde som skal bli utgreia.

Tiltaksområde	Kommune	Massar (fm ³)	Massar (am ³)	Areal (m ²)	Volum deponi
Sør for Hornelsflua	Bremanger	1 363	2 300	1 175	
Skaten	Bremanger	43 043	73 000	12 051	
Deponi V for Storøyna (16)	Bremanger			16 000	64 000
Kariskjeret	Kinn	45 050	77 000	8 650	
Deponi Gjermundsflua (25)	Kinn			114 000	228 000
Sum		89 456	152 300		



Figur 2-4 Utdjupingstiltak sør for Hornelsflua og ved Skaten (raud markering) og mogleg lokalitet for sjødeponi vest for Storøyna (gul markering), i Bremanger kommune.



Figur 2-5 Tiltak utdjuping ved Kariskjeret (raud markering) og mogleg lokalitet for sjødeponi Gjermundsflua (gul markering), i Kinn kommune.

2.2 Alternativ bruk av massar – samfunnsnyttige føremål

Kystverket vil ha merksemd på gjenbruk og resirkulering av massane frå prosjektet. Kystverket har målsetting om at massane skal bli nytta til utbygging av formål som har samfunnsnytte. Kystverket vil difor ha møter med kommunane for å få innspel til aktuelle område som kan ta i mot massar, og for å starte arbeidet med å inngå intensjonsavtalar.

Føresetnader for å levere overskotsmassar til utbyggingsprosjekt er:

- Tidspunkt må passe til Kystverket sine prosjekt.
- Massar må bli levert usortert og kontinuerleg medan utdjuingsarbeidet føregår. Kystverket har ikkje høve til å mellomlagre eller sortere massane.
- Massane må kunne bli frakta til mottaksstaden med splittleker. Det må være minimum fire meter djupne ved mottaksområdet for at leker kan kome seg fram og sleppe ut massane ved at botnen av lekeren opnar seg.
- Mottakar må syte for effektiv mottak og ev. omlasting av massane frå Kystverket sin leker dersom det ikkje er mogleg å sleppe ut massane direkte.
- Det er mottakar sitt ansvar å opparbeide og planere massane til prosjektert nivå.
- Godkjent reguleringsplan for utfyllingsområda, naudsynte undersøkingar og prosjektering av utfyllingsområdet må vera på plass før oppstart av anleggsarbeidet.
- Løyve etter Plan- og bygningslova samt løyve etter anna lovverk må føreligge før oppstart av anleggsarbeidet.

Føresetnadene kan bli utvida og/eller endra i planperioden.

Ut frå innspel til område som kan ta i mot massar frå kommunane vil det bli utarbeidd massehandteringsplan. Denne skal synleggjere korleis ein skal handtere massane og kvar dei kan nyttast/deponerast. Planen skal beskrive kvalitet på massane. Dersom massane skal nyttast i samband med utbyggingsføremål vil det bli vurdert om kan det vere behov for areal for mellomlager eller kvar massane eventuelt skal lagrast før dei vert nytta. Behov for deponi vil bli vurdert.

2.3 Anleggsgjennomføring og massehandtering

For å gjennomføre utdjuinga nyttar ein borerigg/mudringsfartøy. Ved utdjuing i berg vert det gjennomført boring, sprenging og opplasting av sprengstein med tilpassa graveutstyr. Ved mudring av lausmassar nyttar ein bakgravar eller anna relevant graveutstyr. Tiltaka vert utført frå leker.

Mudring- og sprengingsarbeid vil føre til danning og spreining av små partiklar i vassmassene. Andre kritiske tilhøve i samband med planlagt utdjuing er knytt til spreining av lausmassar ved mudring og sprenging. Vêrtilhøve kan òg vere ein kompliserande faktor i samband med anleggsgjennomføringa.


Lengda på anleggsperioden er ikkje avklart. Dette vil m.a. avhenge av omsyn til hekke- og gyteperiodar. Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar skal nyttast der det er føremålstenleg.

Ved mudring- og sprengingsarbeid må det takast omsyn til naturområde og artar som er sårbare for vibrasjonar og evt. trykkgjenger som forplantar seg gjennom vassmassane, samt partikkelspreining (til dømes gyteområde, hekkeområde for sjøfugl og oppdrettsanlegg). Arbeidet må òg ta omsyn til skipstrafikk, signal/merking av leia mv.

Metode for uttak og massetransport skal vere i tråd med retningslinjer frå Statsforvaltaren. Metodikk og tiltak skal vurderast spesielt med omsyn til klimatiske forhold og naturmiljøet. For

transport til deponi på sjøbotn eller til gjenbruk i regulerte utfyllingsområder vert det tilrådd bruk av splittlekter eller anna fartøy som er eigna til massetransport på sjø. Det er planlagt å frakte ureina masser til godkjent avfallsmottak. Behov for tiltak for å hindre spreiding og negative konsekvensar for naturmangfald ved oppgraving av desse vil bli vurdert, jf. pkt. 4.8.2.

Det er venta at dei planlagde tiltaka vil påverke naturmangfaldet direkte, men òg indirekte gjennom endringar i livsvilkår i vassmiljøet. Tiltakshavar vil utarbeide plan for ytre miljø før anleggsarbeidar vert sett i gang. Planen vil mellom anna beskrive omsyn til natur og miljø i anleggsperioden, kva for teknikkar som skal bli nytta for å sikre at arbeid vert utført skånsamt i forhold til natur og marine omgivnader, korleis risikoreduserande tiltak skal bli vurdert og teke i bruk.



Figur 2-6 Utdjuping vil bli utført frå eit mudringsfartøy. Steinmassane som blir sprengt ut blir teke opp og mellomagra på lekter før dei blir frakta til eit regulert deponi på sjøbotn eller til eit område på land.

2.4 Hovudtrekk i planane

Føremålet er å leggje til rette for utbetring av farleia mellom Florø og Stad ved utdjuping av grunnar slik at fartøy kan seile med tilfredsstillande sikkerheit og framkome. I anleggsfasen skal det spesielt tas omsyn til naturmangfald.

Planområda ligg i sjøområde med sterke havstraumar og det er ikkje mogleg å avgrensa konsekvensane av eit tiltak til ein enkelt kommune. For å få heilskaplege avklaringar av tiltak er det avgjerande at alle tiltak blir sett i samanheng. Det blir difor utarbeidd felles konsekvensutgreiing der tiltaka blir vurdert samla. Kommunane er mynde for areala innafor sine grenser og det vert difor eigne plankart og føresegner for kvar kommune. Det er planlagt å regulere areal til:

Ferdsel og farlei

Areal på sjøoverflata vert regulert til ferdsel og farlei. Arealformål farlei vert nytta i farvatn som har særleg høy trafikk og/eller er tronge. Det vert gjeve føresegner som sikrar interessene til sjøtransporten: Innafor arealformålet farlei/ferdsel er tiltak som tilrettelegger for sjøtransport tillate. Tiltak eller inngrep som hindrar eller gjer sjøtransport vanskeleg er ikkje tillate.

Kombinert formål i sjø og vassdrag – farlei/ferdsel/utdjuping

Område på sjøbotn der det er planlagt tiltak for utdjuping vert regulert til kombinert formål med farlei. Da det er noko usikkerheit knytt til kartgrunnlag, skråningsutslag mv. vil grense for felta bli lagt omkring 20 meter utafor område førebels prosjektering av tiltaka viser terrenginngrep.

Angitt formål i sjø og vassdrag – farlei/ferdsel/deponi

Område på sjøbotn der det er planlagt sjødeponi vert regulert til angitt formål farlei og deponi. Da det er noko usikkerheit knytt til kartgrunnlag, skråningsutslag mv. vil grense for felta lagt omkring 20 meter utafor område førebels prosjektering av tiltaka viser terrenginngrep.

Omsynssoner

Planområdet på sjøoverflata vil der det er aktuelt bli regulert med omsynssoner f.eks for bevaring av naturmangfald og bandlegging etter lov om naturvern bevaring naturmiljø.

3 Rammer og føringar for planarbeidet

3.1 Berekraft

I arbeidet med plana er FN sitt berekraftsmål nr. 14 «Livet under vatn» vurdert spesielt. I anleggsperiode og ved drift vil det vere fokus på å ta vare på og bruke hav og marine ressursar på ein måte som fremmer berekraftig utvikling. Det er også lagt vekt på FN sitt berekraftsmål nr. 17 «Samarbeid» da det har vore omfattande medverknad i planprosessen.



3.2 Lover, forskrifter og retningslinjer

Staten har gjennom lovverk, forskrifter og retningslinjer lagt viktige rammevilkår for kommunen sitt planarbeid.

Aktuelle lovar og forskrifter:

- Plan – og bygningslova, med forskrift om konsekvensutredning
- Hamne- og farvasslova
- Naturmangfaldlova
- Kulturminnelova
- Ureiningslova og -forskrifta
- Forskrift om rammer for vassforvalting FOR-2006-12-15-1446
- Storulykkeforskrifta FOR-2016-06-03-569

Aktuelle retningslinjer:

- T-1442/2021 Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging
- Statlige planretningslinjer for klima og energi (2024)
- H-6/18 Lover og retningslinjer for planlegging og ressursutnytting i kystnære sjøområder

3.3 Nasjonal transportplan

Tiltaka er prioritert i Nasjonal transportplan 2025-2036, første seksårs periode.

3.4 Regionale føringar

Tabell 3-1 Regionale føringar for planområda.

Plan	Rammer
Utviklingsplan for Vestland 2024–2028	Regional planstrategi som har fire satsingsområde og hovudmål; velferd og verdiskaping, klima og natur, demografi og likeverd, samarbeid.
Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021–2033	Planen har som hovudmål at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Klimaomstilling er sentralt i planen.
Regional transportplan 2022-2033 for Vestland	Den styrande planen for den langsiktige utviklinga av samferdselssektoren i Vestland fylke.
Regional vassforvaltningsplan for Vestland 2022 – 2027	Tilstanden av alle vassførekomstar i Bremanger og miljømåla deira er gjeven i databasen vann-nett.
Regional plan for klima 2022-2035	Klima og miljø skal vere eit premiss for samfunnsutviklinga, og skal inngå i alt fylket gjer. Vestland skal vise vegen mot det gode, berekraftige og trygge nullutsleppsamfunnet.

3.5 Kommunale rammer og planstatus

Kommuneplanen sin samfunnsdel Bremanger, 2021-2033, vedteke i 2021 er saman med arealdelen, kommunen sitt overordna styringsverktøy. Samfunnsdelen legg føringar for samfunnsutvikling og tenestar. Kommuneplanens arealdel gjeld for arealbruken i områda der det vert planlagt utdjupeing og deponi. Det er ingen reguleringsplanar i områda. Arealdelen til kommuneplanen inneheld plankart, føreseigner og planomtale med tilhøyrande vedlegg. I Bremanger gjeld følgende planer i tiltaksområda:



- Kommuneplanen sin arealdel for Bremanger kommune 2024-2036, planid 4648.201804
- Kommunedelplan for Rugsund-Leirgulen, planid. 1438.201211
- Kommunedelplan for Botnane, planid. 201212

Utdjupingsområda har føremål «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V)». Utdjupingstiltaka er ikkje i samsvar med overordna plan.

Deponiområde ved Storøya har føremål «Fiske». Området er prioritert til kaste- og låssetting, og deponi er ikkje i samsvar med føremålet.

Tabell 3-2 syner kartutsnitt med tiltaksområda og nemde planane med ei kort omtale av kva som gjeld i nærleiken.

Tabell 3-2 Forhald til kommuneplanens arealdel og kommuneselplan for ulike tiltaksområde.

Planområde, plan, føremål , omsynssoner, juridiske liner	
	Olaskjeret Kommuneplanen sin arealdel, planid 4648.201804 Kommunedelplan for Botnane, planid. 201212 Område i sjøen er avsett til: ○ Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V) ○ Farleilinj gjennom utdjupingsområdet ○ Bandlegging etter lov om naturvern (H720_7 Vengane naturr-eeservat (nord-vest for grunnene)
	Hornelsflua, Skaten Kommuneplanen sin arealdel, planid 4648.201804 Område i sjøen er avsett til: ○ Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (lys blå) ○ Farleilinj ○ Samferdslelinje – hovudveg (Skatestraum-tunnelen – undersjøisk tunnel)
	Deponi vest for Storøyna Kommunedelplan for Rugsund-Leirgulen, planid. 1438.201211 Område i sjøen er avsett til: ○ Fiske

4 Skildring av eksisterende situasjon og aktuelle problemstillingar

I dette kapittelet vert det gitt ei kort skildring av aktuelle problemstillingar knytt til ønska utbygging. Lokalisering av tiltaka og planområda er skildra i kap. 2.

Skildringane er i hovudsak basert på tilgjengelege fagdatabasar: naturbase, yggdrasil, artskart, Askeladden/kulturminnesøk, kommunekart.com, NVE atlas.

4.1 Trafikale forhold

Alle utdjuningsområda langs hovudleia og i farleisareal. Ingen tiltak råkar ankringsområde.

Strekninga Florø - Stad har mykje gjennomseglingstrafikk og ein god del trafikk til viktige cruisehamner og industriområde langs strekninga. Trafikken i området går nordover frå Florø, i all hovudsak via Mortingbåen, aust for Søre- og nordre Nærøy, Gåsøy og Hovden, inn Frøysjøen og gjennom Skatestraumen. Frå Skatestraumen og nordover vert farleia splitta. Hovudleia fortset innakjers gjennom Måløysundet og vidare gjennom Ulvesundet til Sildegapet.

Farleia nyttast dagleg av fiskefartøy/brønnbåtar, lasteskip og passasjerfartøy som cruiseskip, Hurtigruta, ferjer og mindre hurtiggåande passasjerbåtar. Strekninga har fleire cruisehamner med relativt stor trafikk. Det er forventet ei auke i storleiken på fartøya langs farleia som følgje av den generelle auka i skipsstorleik.

4.2 Vassmiljø, naturmangfald og naturressursar

Sjøområda langs farleia har viktige verdiar knytt til naturmangfald. Det er registreringar av verneområde for sjøfugl, naturtypar etter DN-19 (tareskog, skjellsand, gytefelt for torsk mv.), funksjonsområde for artar (gyte-, beite- og oppvekstområde).

Følgande naturressursar er vurdert kan bli påverka av tiltaka, og mest deponiområda; fiskeri med fiskeplassar, gyteområde, oppvekst- og beiteområde, skjellførekomster, tareførekomster og akvakulturanlegg.

Planområda er nytta til nærings- og fritidsfiske, og det er registrert fleire fiskeplassar for både aktive reiskap og passive reiskap. Påvirking av tiltaka på naturressursar er knytta til undervasssprenging, mudring og deponering av overskotsmasser. Då dette er samanfallende med påverknad på vassmiljø og naturmangfald vil desse temaene bli utgraia saman.

Det er gjort kartleggingar og utgreingar for naturmangfald i utdjuningsområda tidlegare. Desse er i hovudsak rapportert i følgande rapporter:

- Gjennomseiling hovedleden Bremanger sør. Konsekvensutredning for marint naturmangfold og naturressurser
- Kartlegging av naturtyper og arter ved grunner mellom Florø og Stad, Sogn og Fjordane
- Konsekvensvurdering VL4 Florø – Frøysjøen, VL4 Skatestraumen-Fåfjorden-Vågsfjorden-Måløy sør og VL4 Ulvesundet

I tillegg er det henta informasjon fra følgjende offentlege datasett som naturbase (Miljødirektoratet), vann-nett (Miljødirektoratet), artskart (Artsdatabanken), marine kart (NGU) og Yggdrasil (Fiskeridirektoratet), samt Havforskningsinstituttets straummodell NorFjord160.

Utdjuping og deponering fører til fysiske endringar i botntilhøve, til dømes endringar i djupne, substrat og staumtilhøve. Noko som kan føre til endra livsvilkår for artar med risiko for tap av artar og naturtypar. I tillegg vil partikkelspreiing frå anleggsarbeida kunne ha ein negativ påverknad på vassmiljø og naturmangfald.

Kunnskapsgrunnlaget for utdypingsområda er vurdert å være godt, mens for deponiområda er kunnskapsgrunnlaget dårleg. Det er difor planlagt å utføre undersøkingar av marint naturmangfald og forureining i desse områda. Som grunnlag for konsekvensutgreiing for vassmiljø og naturmangfald i kystvatn er det og aktuelt å utføre straummålingar i deponiområda. I tillegg kan det være naudsynt å modellere partikkelspreiing frå deponering av massar i enkelte område.

4.2.1 Vassmiljø


Tiltaksområda er lokalisert i seks vassførekomststar som vist i Figur 4-1. Økologisk og kjemisk tilstand for vassførekomststar som kan bli påverka av tiltaka er gitt i Tabell 4-1. Det er venta at alle vassførekomstane når miljømålet om minst god økologisk og kjemisk tilstand i løpet av innværende periode, som er frå 2022-2027.

Vassmiljøet kan bli påverka av partikkelspreiing frå mudring og dumping av løsmasser og sprengsteinmasser. Utlekking av uomsatt nitrogen frå sprengsteinmasser kan påverke økologisk tilstand negativt. I tillegg kan næringsstoff som er lagra i sedimenta frigjeras under anleggsarbeida og med mogleg påverknad på kvalitetselementa for økologisk tilstand.

Dumping av masser i sjødeponi kan og føre til lokale endringar i straumtilhøve, noko som kan påverke nokre av kvalitetselementa som ligg til grunn for vurdering av økologisk tilstand.

Tabell 4-1 Vassførekomststar med økologisk og kjemisk tilstand, samt tiltaksområde.

Vassførekomst (VannID)	Areal (km ²)	Vasstype	Økologisk tilstand	Kjemisk tilstand	Tiltaksområde (tiltak)
Frøysjøen (0282010100-C)	131,356	Moderat eksponert kyst	God	Dårleg	Olaskjeret (utdyping)
Hornelsfjorden (0282010500-C)	9,664	Beskytta kyst/fjord	God	Udefinert	Kan bli påverka fra tiltaksområde Skaten, Hornelsflua
Storøya (0282010800-C)	0,942	Beskytta kyst/fjord	God	Udefinert	Kan bli påverka fra tiltaksområde Skaten, Hornelsflua
Skatestraumen (0282010900-C)	4,803	Beskytta kyst/fjord	God	Moderat/dårleg	Skaten, S for Hornelsflua (utdyping)
Fåfjorden (0282011000-C)	13,314	Beskytta kyst/fjord	God	Udefinert	Skaten, S for Hornelsflua (sjødeponi)




Figur 4-1. Vassførekomstar som kan bli påverka frå tiltak. Data frå Miljødirektoratet.

4.2.2 Olaskjeret

Topografi og lausmassar i utjupingsområde

Prøvemateriale til miljøgeologisk undersøking inneholdt i stor grad grovere masser med skjellsand. Grunna mye stein var det berre mogleg å hente opp prøver fra de øvste 6 cm.

Naturmangfald




Figur 4-2. Planområde Olaskjeret med registrert naturmangfald. Data frå Miljødirektoratet og Fiskeridirektoratet.

Grunner for utdjuping ligg i eit område registrert som naturtypen «Større tareskogforekomst med stortare», og beiteområde for torsk Frøysjøen (Figur 4-2). Vidare ligg utdjupingsområde nær inntil eit verneområde for sjøfugl, Vengane Naturreservat (Figur 4-2). Undersøkingar synte at utdjupingsområda i hovudsak består av store steinblokker og mindre lommer med skjellsand. Flora og fauna var dominert av stortare og i litt mindre grad sukkertare. På skråningane ned frå grunnene og mellom grunnene var stortare dominerende art på hardbotn.

I Artskart er det registreringar av ei rekke trua sjøfugl og fisk, samt fleire ansvarsarter t.d. svartbak. Det er ingen registreringar av sjøpattedyr i artskart, men det må forventes at desse jamvel vil kunne oppsøke området.

Naturressursar

Det er registrert fiskeplass for passive reiskap og haustefelt for tare i tiltaksområdet (Figur 4-3).



Figur 4-3. Planområde Olaskjeret med registrerte haustefelt for tare og fiskeplassar. Data frå Fiskeridirektoratet.

4.2.3 Skaten, Hornelsflua, med deponi vest for Storøyna

Topografi og lausmassar i utjupingsområde

Resultater fra ROV-kartlegging og geotekniske undersøkelser synte at sjøbotnen ved Skaten er berg og sprekker med skjellsand. Det er registrert ureina masser i lausmassane ved Skaten. Planen er å frakte desse til godkjent avfallsmottak.

Ved Hornelsflua er det i stor grad berg og steinblokker, med spreidde lommer med sand. Utanfor utdjupingsområdet vart det observert større områder med grov skjellsand og skjellsand.

Topografi, bølger og straumforhald i deponiområde

Mogleg deponiområde aust for Klubbeneset (16) ligg innst i Rugsundet, som har to tersklar. Deponiet vil ligge på den terskelen lengst inn, på ca. 47 meter djupne i ei skålforma forsenkning i eit djupbasseng. Den ytterste terskelen er grunnare og har ca. 18 m djupne. Dette gjev truleg låg botnstraum og lite straum i heile vassøyla. Overflatevatnet vert mest truleg transportert mot nord gjennom Litleøystraumen. Deponering av massar vil gjere at det innste djupområdet i Raudsundet forsvinn. Vassdynamikken lokalt vil ikkje bli påverka, men djupvatnet vil ikkje ha same kvalitet som før. Under deponering vil det vere potensiale for spreining av finpartikulært materiale mot Litleøystraumen i nord. Det er ut frå dette vurdert at området ikkje er eksponert for havbølger og vind, at sjøbotnen er lite eksponert for straum og at straum i vassøyla gir låg risiko for partikkelspreiing.

Naturmangfald


Utdjupingsområdet ligg i eit område naturtypen «Større tareskogforekomst med stortare» og «skjellsandforekomster» er registrert. Lengst aust, ved Hornelsflua, finst naturreservatet Haukedalsholmane naturreservat, som er verna med omsyn til sjøfugl.

Undersøkingar i 2018 synte at tiltaksområdet ved Hornelsflua besto av tett tareskog med stortare, og mindre lommer med skjellsand. Utenfor grunnene var det stortareskog ned til ca. 20 meter. Mellom 25 og 50 meter var det grusbotn med store skjellrestar. Det blei observert eit rikt dyreliv i både tareskogen og ved grusbotnen.

Botnforhald og naturmangfaldet ved Hornelsflua og Skaten var relativt like, men influensområdet ved Hornelsflua er markant djupare. Grunnene er sterkt utsett for straum og dekkja av tett tareskog med stortare som dominerande art. Det er mindre område med skjellsand i renner og lommer på grunnene, og større skjellsandforekomster i dei djupare områdene rundt grunnene.


Mogleg deponiområde vest for Storøyna ligg i et djupbasseng på ca. 47 meter djupne. Det er ingen registreringar av marint naturmangfald i offentlege databasar, men ein kan ikkje se bort frå at det kan være både tang- og taresamfunn i området. Spreiing av partiklar vil kunne påverke marint liv negativt. Sjølv om det så langt er vurdert at det er sannsyn for at risiko for partikkelspreiing vil vere låg, bør det jamnleg bli utført straummålingar for å sjekke om lokaliteten er eigna. Utstrekning av området må og bli optimalisert i vidare planlegging.

I Artskart er det registreringar av fleire artar av rødlista sjøfugl og laks. I kartlegginga i 2018 blei det registrert både sei og lange, som begge er ansvarsartar. Det er ingen registreringar av sjøpattedyr i artskart, men det må forventes at desse jamnleg vil kunne oppsøke området.



Figur 4-4. Planområde Skaten, Hornelsflua med deponi vest for Storøyna med registrert naturmangfold. Data frå Miljødirektoratet.

Naturressursar



Figur 4-5. Planområde Skaten, Hornelsflua, med deponi vest for Storøyna med fiskeplassar. Data frå Fiskeridirektoratet.

Planområde for deponi knytt til Skatestraumen overlappar delvis med Litleøystraumen fiskeplass og låssettingsplass. I tillegg er det registrert fiskeplassar i nærleiken av planområda (Figur 4-5).

Det er også registrert akvakulturanlegg for laks, sjøaure og aure i sjø; Marøy NØ (MOWI ASA) 2,7 km søraust for Hornelsflua, og Krabbestig (MOWI ASA) 7 km nordvest for Skaten. Marøy er gått ut av bruk.

4.3 Samisk natur- og kulturgrunnlag

Temaet er ikkje relevant.

4.4 Landskap

Tiltaka ligg på sjøbotn og vil ikkje ha konsekvensar for landskap.

4.5 Friluftsliv

Kjente friluftsområde og tilgjengeleg strandsone ved planområda er skildra under. Køyning av fritidsbåtar og dykking er einaste friluftslivsaktivitet som er registrert i direkte tilknytning til tiltaka. Bading er ikkje aktuelt så langt ute i sjøen. Friluftsområda blir ikkje omfatta av tiltak. Under gjennomføring av anlegget kan det bli noko støy og partikkelspreiing. Eit aktuelt avbøtande tiltak for å unngå eventuelle konflikter er å sikre at det blir gjett god informasjon om anleggsgjennomføringa. Verknadar vert skildra i planomtalen.

Olaskjeret

Det er ikke registrert friluftslivsområde rundt utdjuningsområda. Strandsonen er prega av gardstun og noko potensielt tilgjengeleg strandsone med låg hellingsgrad ved Sør Botnen og Pollen.



Figur 4-6 Friluftslivsinteresser ved Olaskjeret. Potensielt tilgjengeleg strandsone (nyansar av blå og grøn), og FRIDA (skravar), utdjuningstiltak (raudt).

Hornelsflua, Skaten

Det er eit friluftsområde knytt til Sundstua i fylkesdelplan for friluftsliv ved Hornelsflua. Elles er det ingen kjente registreringar rundt tiltaka.

Ægir dykkerklubb opplyste til utgreiinga i 2021 at heile Skatestraumen er eit populært dykkerområde på grunn av gode staumforhald, mykje fisk og kamskjell, og fin natur under vatn, og at mestepartene av dykka skjer langs land.


Strandsona langs Skatestraumen er delvis potensielt tilgjengeleg med varierende hellingsgrad og spreidde bustadar. Det er kort veg for dei som bur ved sørleg del av Skatestraumen til turområda rundt den populære fjelltoppen Hornelen og omegn.



Figur 4-7 Friluftslivsinteresser ved Hornelsflua og Skaten. Potensielt tilgjengeleg strandsone (nyansar av grønt) og FRIDA (skravrur), fylkesdelplan for friluftsliv (prikkar), utdypingstiltak (raudt).

Deponi vest for Storøyna

Storøyna er registrert friluftslivsområde.



Figur 4-8 Friluftslivsinteresser ved Storøyna (Miljødirektoratet, naturbase).

4.6 Kulturmiljø

Det er utført marinarkeologiske registreringar i områda som Bergens Sjøfartsmuseum har prioritert av tiltaksområda for utdjuピングstiltak. Det er ikkje gjort funn som er verna etter §14 i kulturminnelova. Under er eit kort samandrag av Sjøfartsmuseet sine undersøkingar og vurderingar. (Multiconsult 10227169-01 -Rap-TVR-01, 2021). Temaet vert skildra i planomtalen ut frå kjent kunnskap.

Olaskjeret

Bergens Sjøfartsmuseum gjennomførte marinarkeologiske registreringer ved Olaskjeret i 2016. Det vart ikkje gjort funn som er verna etter §14 i kulturminnelova.

Rundt 1,5 km nord for Olaskjeret er det eit skipsvrak av eit farty som vart bygd i 1923 og senka av miner i 1940 (Askeladden id. 139861). Vraket er automatisk freda. Det må bli vurdert om titaka vil utgjere risiko for skade på vraket og eventuelle avbøtande tiltak.

Hornelsflua, Skaten med deponi vest for Storøyna

Bergens Sjøfartsmuseum gjennomførte marinarkeologiske registreringer ved Skaten og Hornelflua i 2020. Det vart ikkje gjort funn som er verna etter §14 i kulturminnelova. Rundt 500 meter søraust for Skaten er det eit automatisk freda skipsvrak frå 1879 (Askeladden id. 89185).

Det er ingen kjente kulturminner i sjøen vest for Storøyna.

4.7 Transportbehov, energiforbruk og energiløysinger

Tiltakene legger til rette å betre forhalda for sjøtransport. Det vert vurdert at temaet ikkje er relevant for tiltaka i driftsfase. Lokalisering av deponiområde vil ha betyding for transportbehov i anleggsfasen og vert skildra i planomtalen.

4.8 Ureining

4.8.1 Støy

Fleire av tiltaksområda ligg nær land og bustader. Tiltaka vil ikkje gjere at det blir auke i sjøtrafikken, men det vil vere støy under anleggsfasen. Støy i anleggsfasen vil bli skildra i planomtalen.

4.8.2 Grunnureining

Det er gjort miljøgeologiske sediment undersøkingar i sju område i 2016 og 2020-21. Analyseresultat er vurdert opp mot Miljødirektoratets veileder M-608.

Det er registrert ureina masser i lausmassane ved Skaten. Planen er å frakte desse til godkjent avfallsmottak. Spreiing av ureina partiklar kan ha konsekvensar for vassmiljø og for naturmangfald og vil vere ein del av konsekvensutgreiing for desse temaene når det er naudsynt.

4.8.3 Luftforureining

Tiltakene ligg i eit område der bustadar, skular, barnehagar eller helsebygg ikkje vil bli råka. Området har også lite luftforureining (luftkvalitet.miljodirektoratet.no). Det er vurdert at tiltaka ikkje vil gjere luftkvaliteten i området dårlegare.



Figur 4-9 Oversikt område der det er gjennomført miljøgeologiske undersøkingar.

4.8.4 Klimagassutslepp

Uttak av masser frå grunner med tareskog vil endre vegetasjon på sjøbotn i eit mindre område. Tareskog har ein viktig klimagassregulerande funksjon og sedimentbotn er eit viktig karbonlager. Dumping av steinmasser vil føre til utslepp av klimagassar medan anleggsarbeida føregår. Etter at tiltaka er ferdigstilt vil ein få ein gradvis kolonisering av både utdjuings- og deponiområde, med oppbygging av nytt blått karbon (karbon lagra i marine sedimenter og organismer som t.d. ålegras og tareskoger).

4.9 Folkehelse

Tiltaka ligg på sjøbotn og vil ikkje ha konsekvensar for:

- Befolkninga si helse og fordeling av helse i befolkninga
- tilgjenge for alle til uteområder og gang- og sykkelvegnett
- born og unge sine oppvekstvilkår
- kriminalitetsforebygging


4.10 Teknisk infrastruktur

I dette kapitlet vert tekniske anlegg og sjøkabler, inkl. Skatestraumtunellen skildra. Kildar er Kystinfo og NVE atlas. Det er ikkje registrert nokon konsesjonssøknadar for sjøkabelanlegg i tiltaksområda.

Olaskjeret

Det ligg ein straum/ fiberkabel i nærleik av grunnene som Telenor eig.

Figur 4-10 Olaskjeret. Stipla line viser kabel. Raude felt er utdjupingsområde.



Hornelsflua, Skaten med deponi vest for Storøyna

Kystverket har ein straumkabel som går fra Klubben på sørsida av Skatestraumen til Skaten lykt, samt en kabel nord for utdjupingsområda. Det ligg og ein sjøkabel ved grunnene.

Det er ein undersjøisk tunell for Fv. 616 som går mellom Hamnen i øst og Klubben i vest, nær grunnene som skal bli utdjupa ved Skaten. Informasjon med skildring og konsekvensar er utgreia i NGI teknisk notat utdjuping over undersjøisk tunell i Skatestraumen.

Det er ingen kjend infrastuktur sjøen vest for Storøyna.



Figur 4-11 Skaten og Hornelsflua. Stipla line viser kabel. Stipla gul line er undersjøisk tunell. Raude felt er utdypingsområde.

4.11 Risiko og sårbarheit

I Tabell 4-2 Identifisering av moglege uønskete hendingar. Denne syner at følgjende tema vil bli vurdert i ROS-analyse:

- Skred/områdestabilitet/fare for utgliding
- Ulykker i samband med anleggsgjennomføring
- Akutt ureining i samband med anleggsgjennomføring

Det vil bli gjennomført risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) i samband med utarbeiding av detaljreguleringsplanane. I samsvar til DSB sin rettleiar vil ROS-analysen omfatte hendingar som kan få konsekvensar for liv og helse, tryggleik/stabilitet og eigedom/materielle verdiar i driftsfase. Konsekvensar for ytre miljø vil ikkje inngå. Dette blir omfatta av andre utgreiingar i planlegging og prosjektering av tiltaket.

Føremålet med ROS-analysen er å sørge for at forhold som kan medføre alvorleg skade på menneske, miljø eller samfunnsfunksjonar skal klargjerast i plansaka og ligge til grunn for vedtak av planen. Alvorlege risikoforhold kan medføre at krav om endringar, innføring av omsynssoner, planføresegner som tek i vare forholdet eller i alvorlege tilfelle at planen blir fråradd.

Fokus skal rettes mot det som er spesielt ved at verksemda lokalisert som foreslått, og ikkje generelle trekk ved verksemda som er uavhengig av lokalisering.

Tabell 4-2 Identifisering av moglege uønskete hendingar.

RISIKO- OG SÅRBARHETSFORHOLD	BESKRIVELSE AV UØNSKA HENDING	AKTUELT? JA/NEI KOMMENTAR
Naturgitte forhold/naturhendingar, klimatilpassing		
Er planområdet utsett for, eller kan planen/tiltaket medføre risiko for:		
Er området utsett for snø-, flaum-, jord- stein- eller skred?	Ikkje relevant. Det er ikkje registrert fare- eller områder innafor farleia.	Nei, blir ikkje vurdert vidare.
Er det fare for flodbølger som følge av fjellskred i vatn/sjø?	Ikkje relevant.	Nei, blir ikkje vurdert vidare.
Er området utsett for stormflo og havnivåstigning?	Alle tiltak ligg under havnivå, og stormflo og havnivåstigning vil ikkje påverke sjøtrafikken og seglingsforhald i farleia.	Nei, blir ikkje vurdert vidare.
Sterk vind (storm) og bølger	Det kan vere sterk vind og store bølger. Tiltaka vil ikkje endre vindretningar og bølgeforld.	Nei, blir ikkje vurdert vidare.
Skred/områdestabilitet/fare for utgliding	Undersjøisk skred som følge av sjødeponi kan førekomme. Massar kan rase utafor tiltaksområda. Større skred kan gje flodbølger.	Ja, blir vurdert i ROS-analyse.
Erosjon	Ikkje relevant.	Nei, blir ikkje vurdert vidare.
Grunnvatn/ drikkevasskjelder	Det er ikkje registrert borehol for grunnvatn eller inntakspunkt for drikkevatt i nærleiken av planområda.	Nei, blir ikkje vurdert vidare.
Naturlege terrengformasjonar som utgjer fare (stup, vann, etc.)	Ikkje relevant.	Nei, blir ikkje vurdert vidare.
Kan utbygginga endre eksisterande risiko for omkringliggande område?	Ikkje relevant. Tiltaka er utbetring av eksisterande farlei.	Nei, blir ikkje vurdert vidare.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		
Kan planen/tiltaket få konsekvensar for strategiske områder og funksjonar:		
Kritisk infrastruktur	Tiltaka inneber utbetring av farleia for betre framcome og auka tryggleik.	Nei, bli Ikkje vurdert vidare.
Samferdselsårer, skipsfart.	Tiltaka inneber utbetring av farleia for betre framcome og auka tryggleik.	Nei, blir ikkje vurdert vidare.
Kjente ulykkespunkt	Tiltaka vil auke tryggleiken for sjøtrafikken i området.	Nei, blir ikkje vurdert vidare.
Transport av farleg gods gjennom området	Frakt av farleg gods på skip skal vere i medhald av gjeldande regelverk. Tiltaka vil auke tryggleiken og redusere sannsyn for ulukker.	Nei, blir ikkje vurdert vidare.
Infrastruktur for forsyning av vatn, avløps- og overvasshandtering, mv	Vil ikkje bli råka av tiltaka.	Nei, blir ikkje vurdert vidare.
Tilsikta hendingar sabotasje / terrormål	Ikkje relevant. Det er ingen forhold ved planområdet som er vurdert å vere utsett for tilsikta hendingar eller terror.	Nei, blir ikkje vurdert vidare.
Fare for akutt ureining på land eller i sjø, oljeutslepp, etc.	I følge Kystverket si risikoanalyse for permanent situasjon vil risiko for akutt ureining bli redusert.	Nei, blir ikkje vurdert vidare.
Verksemdrisiko, brann-/ulykkesberedskap		
Omfattar planen storulukkeverksemd?	Ikkje relevant.	Nei, blir ikkje vurdert vidare.

Er det farlege anlegg i nærleiken av planområda?	Ikkje relevant.	Nei, blir ikkje vurdert vidare.
Verksemd med særskilte behov i nærleiken av planområda	Akvkulturanlegga Grunneneset, Gulestøa, Krabbestig kan bli påverka.	Ja, blir vurdert.
Brann	Det er ingen brannobjekt i nærleiken av planområda.	Nei, blir ikkje vurdert vidare.
Åtkomst for naudetatar	Utbetring av farleia vil betre tilkomsten for naudetatar. Redningstenester skal kunne trafikere farleia i heile anleggsperioden.	Nei, blir ikkje vurdert vidare.
Beredskap for akutt ureining	Tiltaka vil ikkje føre til auke i trafikkmengde. Tiltaka vil redusere risiko for grunnstøytingar, kollisjonar mellom fartøy for ulukker og akutt ureining.	Nei, blir ikkje vurdert vidare.
Farer relatert til anleggsarbeid		
Ulykker i samband med anleggsgjennomføring	I anleggsfasen vil det være auka risiko for ulykker. Det kan vere særskilt risiko knytt til sprenginga over Skatestraumtunnelen og det må vurderast tiltak som t.d. stenging av tunnelen under sprenging. Det kan vere økt risiko for ulykker mer skipstrafikk. Det er vert lagt til grunn at entreprenør er oppdatert på skipstrafikk i området og må rekne med mellombels stopp i arbeidet pga. trafikk som skal passere. SHA-plan vil syte for tryggleiken på anlegg/riggplass. På Kalveholmen er det ein brønn som drikkevasskjelde. Risiko for lekkasjer/sprekker i brønnen må bli vurdert.	Ja, blir vurdert i ROS-analyse.
Framande tek seg inn på anleggsplass/ riggplass	Anleggsarbeid vil gå føre seg på sjø fra leker.	Nei, blir ikkje vurdert vidare.
Akutt ureining	Akutt ureining er eit aktuelt tema for anleggsfasen. Det vert lagt til grunn at entreprenør syter for sikker drift av maskiner og anleggsgjennomføring for å unngå akutt ureining i anleggsfasen. Dette vil bli handsama gjennom internkontrollsystemet for entreprenør.	Ja, blir vurdert i ROS-analyse.

5 Tilråding, tema og utgreiingar

5.1 Utgreiingstema

For vurdering av kva utgreiingstema som er aktuelle for planarbeidet er følgjande dokument nytta:

- Forskrift om konsekvensutgreiing
- Rettleiar M-1941: konsekvensutgreiing av klima og miljø (Miljødirektoratet)

Eksisterande kunnskap er gått gjennom og det er gjort innleiande vurderingar av om tiltaka kan fge vesentlige verknader for ulike temaer og være relevante for avgjersle i desse planane. Trong for ny kunnskap er også vurdert.

I tabellen nedanfor og etterfølgjande avsnitt går det fram kva tema det er foreslått å greie ut i planarbeidet, og korleis de vil bli utgreia.

Tabell 5-1 Tema og utgreiingar.

Tema	Utgreiing	Kommentar
Naturmangfald	KU	M-1941. Tema naturmangfald, vassmiljø og naturressurar er nært knytt saman i sjø og vert difor utgreia saman. For deponiområda vert det utført ny kartlegging av raudlista marine artar og naturtypar, samt truga og/eller minkande habitat iht. OSPAR, registrering av fuglar samt målingar av forureining i sediment og straum der det er naudsynt. For nokre område kan det og være naudsynt å modellere partikkelspreiing. For utdjuingsområda er det og naudsynt å utføre nye undersøkingar av forureining i sediment. Verknader for Vengane naturreservat (ved Olaskjeret) og Haukedalsholmane naturreservat (ved Skatestraumen) vil bli utgreia, spesielt knytt til støy- og lysureining i anleggsfasen. Utgreiingane vil omfatte vurdering jf. Naturmanfoldlova §§ 8-12 og Vassføreskrifta § 12.
Vassmiljø	KU	
Naturressusar	KU	
Samisk natur og kulturgrunnlag	Ingen	Tiltaka ligg under vatn. Tema er ikkje relevant.
Landskap	Ingen	Tiltaka ligg under vatn. Tema er ikkje relevant.
Kulturmiljø	Planomtale	Det må bli vurdert om titaka vil utgjere risiko for skade på skipsvrak nord for Olaskjeret (Askeladden id. 139861) og eventuelle avbøtande tiltak.
Friluftsliv	Planomtale	Blir vurdert ut frå off. Databasar, innspel til planarbeidet og kontakt med aktuelle organisasjonar.
Forureina grunn	Planomtale	Grunnforureining vil vere ein del av konsekvensutgreiing for vassmiljø og i konsekvensutgreiing for naturmangfald når det er naudsynt.
Støy	Planomtale	Ikke relevant tema for tiltaket i driftsfase. Berre aktuelt i anleggsfase.
Luftforureining	Ingen	Ikke et område med luftforurensing. Tema er ikkje relevant.
Klimagassutslepp	Planomtale	Berre utslepp i anleggsperioden, ikkje relevant for driftsperiode.
Transportbehov, energiforbruk og energiløysingar	Planomtale	Farlei, ankringsplassar mv. for sjøtransport.
Beredskap og ulykkesrisiko	ROS-analyse	
Verknader som følge av klimaendringar, herunder risiko ved havnivåstiging, stormflo, flaum og skred	ROS-analyse	Geoteknisk vurdering. Kornanalysar for nokre deponi.

Befolkningens helse	Ingen	Tiltaka ligg under vatn. Tema er ikkje relevant.
Tilgjengelighet for alle til uteområder og gang- og sykkelveinett	Ingen	Tiltaka ligg under vatn. Tema er ikkje relevant.
Barn og unges oppvekstvilkår	Ingen	Tiltaka ligg under vatn. Tema er ikkje relevant.
Kriminalitetsforebygging	Ingen	Tiltaka ligg under vatn. Tema er ikkje relevant.
Arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet.	Ingen	Tiltaka ligg under vatn. Tema er ikkje relevant.

5.2 Konsekvensutgreiing, metodikk og referansealternativ

I sjøområde med sterke havstraumar er det ikkje mogleg å avgrensa konsekvensane av eit tiltak til ein enkelt kommune. Heilskaplege avklaringar av tiltak må difor bli lagt til grunn for konsekvensutgreiinga og planarbeidet. Det er avgjerande at alle tiltak blir sett i samanheng og det vert difor utarbeidd felles konsekvensutgreiing for tiltak som vert planlagt i Bremanger kommune og Kinn kommune..

For kvart deltema skal det gjevast ei kort skildring av dagens situasjon, samt ei vurdering av tiltaket sine konsekvensar for det aktuelle temaet. Dette gjeld uavhengig av om det skal utarbeidast eiga konsekvensutgreiing eller om temaet berre omtalast i planomtalen.

I samsvar med forskrift om konsekvensutgreiingar er det berre verknader av tiltaket som er relevante for avgjersle som skal utgreiast. I samsvar med forskrifta skal vurderingane så langt som mogeleg basere seg på kjent kunnskap.

Konsekvensutgreiinga vil ta utgangspunkt i metodikk skildra i Mijødirektoratet sin rettleiar for konsekvensutgreiing for klima og miljø, M-1941.

Etter denne rettleiaren skal konsekvensutgreiinga gjennomførast i 5 steg:

Steg 1: Inndeling i delområde

Steg 2: Sette verdi i kvart delområde

Steg 3: Vurdere påverknad for kvart delområde

Steg 4: Vurdere konsekvens for kvart delområde

Steg 5: Vurdere konsekvens for naturmangfald

I tillegg skal det vere fokus på miljøoppfølging, gjennom å gjere greie for kva som kan gjerast for å forhindre eller avbøte ev. skadar og ulemper (avbøtande tiltak). Vidare vert det gjeve vurdering av behovet for, og ev. forslag til, nærmare undersøkingar for gjennomføring av tiltaket og undersøkingar med sikte på å overvake og klargjera for faktiske verknader av tiltaket.

Det skal vurderast om det er behov for å vurdere konsekvensar for anleggsperioden.

Referansealternativet (0-alternativet) er definert som dagens situasjon og arealbruk blir ført vidare i området. Planlagte tiltak blir samanlikne med referansealternativet i konsekvensutgreiinga.

5.3 Planomtale

Det vil bli utarbeidet planskildring som gjer greie for prosjektet, skildrar tiltaka, føremål, hovudinnhald og verknader, samt korleis planane forhold seg til rammer og retningslinjer som gjeld for områda. Verknader for ulike tema gjeve i Tabell 5-1 vil bli skildra ut frå eksisterande kunnskap. Rekkefølgekrav og krav til dokumentasjon vil bli vurdert.

5.4 Risiko og sårbarheit, ROS-analyse

ROS-analysen vil være basert på den systematikk som blant annet er beskrevet i Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) veileder "Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging, Metode for risiko og sårbarhetsanalyse i planleggingen" fra 2017.

5.5 Massehandteringsplan

Planen skal skildre kvalitet og mogleikheit for gjenbruk av massar frå utdjuingsområda. Behov for mellomlagring og deponiområde vil bli vurdert.

6 Medverknad, framdrift

6.1 Eigedomar og parter

Både utdjuingstiltak og deponi i planområda ligg i sjø, og berører derfor ingen matrikulerte eigedomar. Det er ingen grunneigarar innanfor planområda. Partar med interesse for tiltaket er i hovudsak offentlege mynde, men også verksemdar knytt til sjøtransport, fiske, akvakultur, havbruk, reiseliv og friluftsliv.

6.2 Planprosess, medverknad

Krav til planprosess og medverknad er fastsett i plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiing. Etter avklaring med kommunane blir planprosessen gjennomført etter plan- og bygningslova § 3-7. Det vil seie at Kystveket vil sende ut planprogram og forslag til reguleringsplan til høring og offentlig ettersyn, uten at den er handsama av kommunane. Kystverket vil handsame merknader som kjem til planforslaget og deretter sende planforslag til kommunane for sakshandsaming og vedtak.

Planprosess:

- Oppstartsmøte med kommunen den 20.03.2025
- Varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan og høring av planprogram i minimum 6 veker.
- Kommunen sakshandsamar og vedtek planprogram
- Høring og offentlig ettersyn av forslag til reguleringsplan med konsekvensutgreiing
- Handsaming av merknader og vedtak av plan (kommunen)

Medverknad:

- Varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan og høring av planprogram i minimum 6 veker. Det er høve til å kome med innspel til planarbeidet og merknader til planprogram.
- Dialog med Fiskeridirektoratet og fiskarlag tidleg i prosessen
- Det vert heldt møte med aktuelle mynde og andre interessenter etter behov
- Høring og offentlig ettersyn av forslag til reguleringsplan med konsekvensutgreiing, med minimum 6 veker frist for uttale.